

ÅRSMELDING for Allidrett



Rapport laget av:
Inger Kristine Kjellnes

Dato: 13.01.24

Støtteapparat:

Lagleiar 2023: Inger Kristine Kjellnes
Trenarar våren 2023: May-Lill Hjertvikrem,
Torstein Orten, Gudrun
Varhaugvik, Sturle Starheim, Line Skov
Bakkemyr, Beritine Solem
Trenarar hausten 2023: Kristoffer Nilsen,
Lisbeth Varhaugvik, Gudrun Urdshals, Livia
Ranete

Laget si utvikling:

Antall spillere	Nye sp. siste år	Ant. Sluttet
Våren 2023:		
34		
Hausen		
2023: 22		

Kort beskriving av lagets sportslege mål og utvikling:

- Variert aktivitetstilbud der barn får prøvd ulike idrettar i ulike miljø - ALLSIDIGHET
- Utvikle god grunnmotorikk gjennom leik og aktivitet som er tilpassa barnets utviklingsnivå
- Gje barna eit godt fundament for eit aktivt liv
- Gje barna eit godt utgangspunkt for å kunne delta i fleire idrettar seinare
- Aktivitetane skal stimulere barna fysisk, motorisk, sosialt og mentalt

Kort beskriving av miljøet i laget og sosiale aktivitetar:

Fokus på meistring, leik og samarbeid!

3 hovudreglar:

- 1) Ver snill med kvarandre
- 2) Ha det kjekt
- 3) Stoppe opp med det ein held på med å ta beskjed når trenarane bles i fløyta

Namneopprop på byrjinga av treninga.

Viktig med god organisering av treninga for at de skal flyte lettast mogleg. Trenargruppa avtalar før (har ei eiga Messenger gruppe).

Samling/heiarop på slutten av treninga.

Annonsering av treningane på Gil Allidrett sida på Facebook. Halvårsplan med planlagt aktivitet blir lagt ut på same sida.

Informasjon om Allidrett blei sendt ut via VismaSkole til alle i 1- 4. kl. i byrjinga av skuleåret.

Hallaktivitet:

Slåball, orientering, balleik (handball, fotball, basket, volleyball, stikkball mm.), innebandy, badminton, klatring, stasjonar, hinderløyper, friidrett, samarbeidsleikar, dans, yoga og div. leikar.

Uteaktivitet:

Aking/ski på Gossen Barne- og ungdomsskole, tur til Purkeneset, Kyststien med fjørebingo og fruktstund, Aukraskogen med haustbingo, våravslutning på Smågevatnet med kanopadling og grilling, natursti til Brenslen, juleavslutning på Nerbøstranda med lyktetur og julekos + utdeling av lagskjorte.

Kort beskrivelse av kurs og anna opplæring i inneværende og neste sesong:

I staden for foreldremøte blei det lagt ut ein presentasjon på GIL Allidrett sida på Facebook så foreldra kunne lese.

Anna:

Allidrett følgjer skuleåret og har trening kvar måndag frå kl. 17.30 - 18.30. Treningsstad er oftast Aukrahallen. Me legg alltid opp til nokre turar på Gossen i løpet av halvåret.

Allidrett er eit tilbod til alle barn frå 1.- 4. klasse. Størsteparten av medlemmane er frå 1. og 2. klasse. Det er viktig å få med trenarar frå foreldregruppa i 1. klasse slik at ein kan gje «stafett-pinnen» (trenarrolla) vidare.

Allidrett har fleire framandspråklege medlemmar.